

Referat frå rådsmøte 15. september 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Arne Vinje, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Annveig Veum Aas, Hans Bakke, Sverre Sæter, Per Dehli, Ketil Kiland, Hans Kristian Lehmann og sekretær Kjell Gunnar Heggnes.

I tillegg møtte Magne Reiersen og Frida Sviland frå Telemark fylkeskommune og Arne Malme frå Fylkesmannen i Telemark.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 66/2009 Referat frå rådmøte 11. august 2009.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 11. august 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 67/2009 Strategisk næringsplan.

I denne saken var Knut Vareide frå Telemarksforskning og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling tilstades. I tillegg møtte Harriet Slaaen og Arvid Setane.

Det låg føre utkast til strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2010 – 2013. Planen er ein overordna plan for strategi og innretning av det regionale utviklingsarbeidet i Vest-Telemark. Haldor Kaasin orienterte om prosessen kring næringsplanen og Knut Vareide gjekk gjennom dei ulike punkta i denne.

Hovudmålet er å få til vekst i folketalet i regionen, herunder betra flyttebalanse. For å få til dette har ein som hovudstrategiar å auke antal arbeidsplassar og auke attraktiviteten som stad å bu.

For å auke talet på arbeidsplassar skisserer planen 3 satsingsområde: Landbruk arealbasert næringsliv, reiseliv og konkurranseutsett næringsliv

I samband med drøftingane vart det vist til at den nye planen i for liten grad er kopla opp mot den føregåande planen og at det manglar ei evaluering av denne. Vidare kom det fram at næringslivet og dei mange som er engasjert i næringsutvikling i regionen har vore lite involvert i arbeidet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet går inn for at endeleg handsaming av planen vert utsett til juni 2010. I det vidare arbeidet ber ein om at ny og gamal plan vert sett i samanheng og at ein også ser innhaldet i høve til den regionale planstrategien i Telemark.

Rådet ber om at ein i den vidare prosessen legg vekt på samspelet med kommunane og næringslivet.

Sak 68/2009 Telemark fylkeskommune. Forslag til handlingsprogram – eksisterande og nye fylkesveggar i Telemark.

Det låg føre høyringsbrev av 20. august 2009 frå Telemark fylkeskommune gjeldane forslag til handlingsprogram 2010 – 2013 for eksisterande og nye fylkesveggar i Telemark. Av dei tilsendte dokumenta går det fram at det er eit stort etterslep innan vedlikehaldet av vegane og at dei økonomiske rammene er for små til å bremse opp forfallet. Vest-Telemarkrådet ser ingen grunn til å gå nærare inn på prioriteringane i plandokumenta men vil peike på at det ikkje berre må vera årsdøgntrafikken og folketalet som dannar grunnlag for prioriteringane. Konklusjonen synest vera at det er auka økonomiske rammer og berre det som er svaret på Telemarks utfordringar innafør drift og vedlikehald av fylkesvegane. Frist for uttale er sett til 16. oktober 2009.

Vedtak: Med utgangspunkt i forslaga til handlingsprogram 2010 – 2013 for hhv. eksisterande og nye fylkesveggar vil Vest-Telemarkrådet ta initiativ ovanfor Telemark fylkeskommune og dei andre kommuneregionane i Telemark for å få auka rammer til drift og vedlikehald av fylkesvegane i Telemark.

Rådet ynskjer at det blir halde eit innleiande møte mellom fylkeskommunen og dei 4 regionråda med tanke på tilslutning og nærare opplegg for ein prosess der målet er snarast å ta att etterslepet i vedlikehald og sikre tilstrekkelege økonomiske rammer i åra som kjem.

Sak 69/2009 Regional planstrategi, høyring.

I høyringsbrev av 17. juni 2009 ber Telemark fylkeskommune om innspel til forslag til regional planstrategi 2010 - 2012. Høyringsinstansene er invitert til å kome med innspel innan 1. oktober 2009.

I planforslaget nyttar fylkeskommunen omgrepet ”holdbar utvikling” med dei 3 elementa: holdbart miljø, holdbare sosiale forhold og holdbar økonomi. Planen er vidare inndelt i 4 temaområde:

- kunnskap og nyskaping
- klima og miljø
- attraksjonskraft og livskvalitet
- infrastruktur og transport

Som vedlegg til saken låg det også føre eit høyringsutkast utarbeidd av Vest-Telemark Næringsutvikling.

Vedtak: På bakgrunn av dei framlagte dokumenta og ordskiftet i møtet set Vest-Telemarkrådet ned ei arbeidsgruppe bestående av Olav Urbø, Harriet Slaaen, Olav Veum og Kjell Gunnar Heggnes. Arbeidsgruppa får som mandat å utarbeide forslag til høyringsuttale i saken. Forslaget til uttale vert å sende ordførarane for godkjenning.

Sak 70/2009 FoU-strategi for Telemark – mogleg felles uttale. Drøftingssak.

Det låg føre brev frå Telemark fylkeskommune datert 13. juli 2009 med invitasjon til å kome med uttale i høve forslag til FoU-strategi for Telemark. Høyringsfrist er sett til 1. oktober 2009. Det vert i høyringsbrevet peika på 5 prioriterte område og fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding i høve til visjon og mål, prioriterte satsingsområde og forslag til korleis ein kan nå måla.

Vedtak: Den nedsette arbeidsgruppa under sak 69/2009 Regional planstrategi – høyring, får i oppdrag på utarbeide forslag til uttale i saken. Forslaget vert å sende ordførarane for godkjenning.

Sak 71/2009 Orienteringssaker.

Kollektivplan for Telemark

Regionrådsleiar orienterte kort om prosessen i høve til *Kollektivplan for Telemark 2010 – 2013*. TØI har under utarbeiding eit planutkast som skal ligge føre til nærare drøfting på eit breidt seminar i oktober. Utkastet vert sendt ut på førehand.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Skulestruktur i kommunane – mogleg område for forskning.

I rådsmøte 21. april drøfta Vest-Telemarkrådet tilbod frå Per Ingvar Haukeland i Telemarksforsking gjeldande mogleg forskning på skulestrukturen i dei ulike regionane. Rådet såg eit slikt arbeid som interessant og la til grunn at fleire regionar måtte gå saman om dette.

Til dagens rådsmøte låg det føre brev frå Haukeland med tilbakemelding at det ikkje er tilstrekkeleg interesse for prosjektet i dei andre regionane men at ein kan gjennomføre ei undersøking berre i vår region.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek tilbakemeldinga til vitande og ser det ikkje som aktuelt å gjennomføre ei undersøking berre gjeldande vår region.

Nettverksgruppe, ny plan- og bygningslov.

I møte 19. mai bad Vest-Telemarkrådet fylkesmannen ta initiativ til å danne ei nettverksgruppe i høve til den nye plan- og bygningsloven. Av tilbakemelding går det fram at fylkesmannen ser det som vanskeleg å påta seg drivaransvaret for ei slik gruppe, men at dei vil stille sin kompetanse til rådvelde for nettverket. Fylkesmannen vil kalle inn til eit fyrste møte i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Møte i bomselskapet for E134 og Rv36.

Solveig S. Abrahamsen orientert kort frå fyrste styremøtet i bomselskapet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes.